

Kort historikk om Kvitlen og andre øydegardar i området

Kvitlen

Gardsnamnet Kvitlen kjem av ordet kvisl i gamalnorsk som betyr samlaup av fleire elvar. Og garden ligg på den flate, opphavelege grussletta der dei to elvane frå nordre og søre Kvitladalen renn saman. Kvitlen er ein av fire fråflytte gardar i fjellheimen nordaust for Ørsdalen. Dei tre andre er Austdal og Brattebø i same dalføret og Hadvarshom (Homme) i nordvest, lenger oppe i fjellheimen, for enden av nordre Kvitladalen.

Folk i Kvitlen nytta helst stien ut Austdalen når dei skulle ned til bygda. Stien mellom Austdal og Brattebø følger Austdalen og går på nordsida av Laugarvatnet. Folket i Kvitlen og Brattebø hadde òg båt på Laugarvatnet. Det var raskare for dei å koma seg fram med båten enn langs stien som delvis gjekk i lia høgt ovanom vatnet. Brattebø ligg om lag 1,5 km frå Kvitlen. Det er flatt terreng mellom dei to gardane og stien er nærast som ein kjerreveg. Det var fleire gonger usemje om grensene mot Brattebø.



Kvitlen betyr samlaup av elvar. Gjetarhytta står der den gamle garden på Kvitlen låg. Foto: Bjerkreim kommune



Utsikt som viser Kvitlen der elvane møtest. Dalføret midt i bildet går mot Homme, det innover mot høgre går til Støle. Nedover til venstre er vegen mot Brattebø. Foto: Alt S. Ognedal

Kvitlen si historie går tilbake til mellomalderen. Det finst fem hustuffer frå fleire tidsperiodar her, mellom anna tufter etter eit langhus på om lag 57 meter. Det gamle kulturlandskapet her er godt bevart sidan gardsdrifta vart avvikla før maskinjordbruket kom til Bjerkreim. Det har budd folk her i alle fall sidan mellomalderen. Kvitlen låg øyde etter svarte- dauden (1349), men vart bufast att



Kvitlen før det brann i 1935, oppover mot der turisthytta står i dag.
Foto i Dalane Folkemuseum sitt eige.

i byrjinga av 1600-talet eller tidlegare. Flest folk budde det i Kvitlen på 1800-talet med opp mot 19 personar. Då hadde dei om lag 2 hestar, 20 storfe, 40 sauer og 40 geiter. Garden hadde 120 mål innmark, 40 av desse var gode og nytta til poteter og havre. I tillegg hadde ein om lag 20 000 mål utmark. Store delar av verdiane vart henta i utmarka med utslåttar, lauving og småviltjakt.

Det var gardsdrift på Kvitlen fram til sommaren 1935. Dei siste 11 åra budde berre to personar på garden, det var Lise Kvitli og sonen Tønnes.

I 1935 brann alle husa ned. Bjerkreimsboka fortel av Tønnes klarte å redde ut mor si som låg inne og kvilte middag under brannen. Andre kjelder seier at Tønnes fortalde at då han kom tilbake til husa som stod i brann, så sat mora hans utanfor i gyngestolen sin. Han

var då 63 år og ho 87. Ein teori om årsaken til brannen var at gneister frå skorsteinen sette varme på torvtaket, som var knusktørt etter ein lang tørke. Dei fekk redda ut mellom anna eit bilete av kongefamilien og ein gyngestol. Biletet skal no henge i turisthytta på Kvitlen.



Kvitlen med utsikt mot Brattebø ca 1920. Huset til venstre tilhørte Tønnes Kvitlen og det andre stod tomt på den tida. I tunet står jegarane Salomon Dyb og den danske legen Vilt. Foto: Helge Slettebø, Egersund.

Etter brannen flytte Lise ned



til borna Vilhelmine og Viljen på Hovland. Tønnes bygde ei hytte på grunnmurane etter heimehuset, her budde han for det meste til han døydd i 1946, men om vintrane budde han òg på Hovland.

No er det Ragnhild Kvitli Nielsen og Geir H. Magnussen som eig Kvitlen.

Eit stykke av stien mellom Brattebø og Kvitlen går langs elva. Her er det fint å raste og bade. Foto: Alf S. Ognedal

Brattebø

Brattebø tyder den brattlendte garden, og namnet høver godt til terrenget der det gamle tunet låg. Det er uvisst kor gammalt gardsnamnet er og når Brattebø vart bufast første gongen, men garden låg øyde etter svartedauden før han vart bufast igjen på slutten av 1500-talet. Grannegardane Homme og Kvitlen vart nytta av gardbrukarane i Brattebø før dei vart bufaste att på 1600-talet. Det vart fødd 137 barn i Brattebø i åra mellom 1713 og 1922, Palmer Brattebø var den siste. Det budde folk i Brattebø fram til 1923, då flytta dei siste til Hytland.



Morgonsola speglar seg i eit vindauge på Brattebø.
Foto: Alf S. Ognedal

På det meste, i 1875, budde det nærare 28 personar i Brattebø, fordelt på fire familier. I 1865 var det 3 hestar, 19 kyr, 42 sauer og 38 geiter tilsaman i Brattebø.



Elevar på veg forbi Brattebø, skal på lavvotur. Foto: Alf S. Ognedal

Det var lite innmark, men stor verdi i utmarka som vart slått. Høyet vart lagra i ulike utløer og henta til gards etterkvart som høyet heime tok slutt. Dei hadde òg ei god tilleggsinntekt gjennom sal av ryper og anna småvilt.

Dei hadde ikkje så mykje dårlegare innkome enn gardar meir sentralt på Bjerkreim, men det var berre så mykje meir tungvint å frakte varene til og frå garden. Døme på frakt er

at då det i ein lang periode vart produsert smør i Brattebø vart dette frakta med hest til Laugarvatnet, her vart det lesst i prammen og rodd ut vatnet medan hesten gjekk langs vatnet. Så vart det sett på hesten igjen og frakta ut Austdalen, Eikebrekka og til bryggja på Vassbø. Derifrå kunne smøret reise med båten på Ørsdalsvatnet og vidare.

Sidan 1924 har Brattebø berre vore nytta til sauebeite. Siste gjetar var Trygve Gjødrem som hadde sommarjobb med å passe eit par tusen sauer der 1949-51. No er det Tollef Gjødrem og Kjetil Gjødrem som eig Brattebø.

Austdal

Austdal tyder dalen som går i aust. Garden ligg i dalføret Austdalen som strekker seg frå Eikebrekka i vest (like ved tunnelen i Ørsdalen) til Sirdalen i aust. Ein går forbi Austdal på veg til Kvitlen dersom ein går frå Eikebrekka. Det er uvisst kor gamal garden er og om han opprinneleg var støl til grannegarden Eik nede i Ørsdalen.



Turvegen forbi gardane i Austdal.
Foto: Alf S. Ognedal

På det meste budde det 18 personar i Austdal, det var i 1865. Dei siste fastbuande flytte frå garden i 1900. No høyrer Austdal til to gardbrukarar på Eik og vert nytta til sauebeite. I fjellet over tunet på garden finst det rike førekomstar av fleire sjeldne steinslag og bergkrystallar. No eig Steinar Bjordal og Inge Bjordal Austdal.



Påsketuristar i Homme 1932. Foto: Harald Oftedal.

Homme. Homme låg under Brattebø til etter 1668. Det budde folk fast i Homme frå 1700-talet, og i 1865 budde der 12 personar. Dei siste flytta i 1873, etter den tid vart det eine av heimehusa nytta til gjetarhytte. Dette seig etter kvart saman, til liks med dei andre husa.

I juni 1979 frakta helikopter to ferdigbygde gjetarhytter inn til Homme frå Stavtjørn. Den eine av desse står på tuftene etter det gamle heimehuset og vert eigd av Liv og Olaf Gjedrem. Den andre hytta ligg på det sørlege høgdedraget og vert eigd av driftelaget for Jensaheia og Kvitlaheia.



Homme - midt i verda. Foto: Per Spødervold.

Kjelde: Bjerkreimsboka band 1

Kjøp søndagsmiddag på Stavtjørn Fjellstove!

Sjekk på heimesida om det er ope:

<http://www.stavtjornfjellstove.no/>

Stavtjørn
Fjellstove
og Bakeri as